

## Sak 6 Medlemspengar

### Framlegg til nye kontingentsatsar for hovudlaget for 2021 (1. juli 2020)

Vi ønskjer å rekruttere fleire medlemmer, behalde dei vi har, og gjere det meir fordelaktig for dei som i ein periode har dårleg økonomi. Det blir difor innført to hovudsatsar på kr 300 og 650.

Medlemsskap:

- Ordinære medlemmer:
  - Vaksne kr 650
  - Barn opp til 14 år som berre er med i hovudlaget kr 100
  - Barn som er medlem av eit særslag kr 0
- Ungdomsmedlem, frå 14 opp til 26 år kr 300
- Honnør lav sats (tillitsbasert sats for honnør med dårleg råd) kr 300
- Honnør ordinær kr 650  
Dette er honnørmedlemmer som ønskjer å betale full kontingent
- Heiderslagsfolk/livsvarige medlemmer kr 0
- Nyinnmelding kr 300/kr 650  
Dette er nye medlemmer som melder seg inn etter 1. juli, eller ikkje har vore medlem dei siste fem åra. Desse kan enten betale kr 300 for haustsemesteret, eller ordinær sats på kr 650 for hausten og det påfølgjande året.
- Støttemedlemmer\* kr 200  
Medlemmen kan velje om pengane skal gå til særlaget eller hovudlaget. Valfritt beløp frå kr 200. Gir ingen demokratiske rettar eller rabattar, men kan delta i aktivitet som ikkje er ein del av ein særlagsaktivitet.

\*) Vi foreslår å teste ut om nokon er interessert i å støtte BUL, utan å vere medlem. Dette kan t.d. vere tidlegare medlemmer, som er interessert i å halde kontakt med laget, utan å vere medlemmer. Ordninga kan også nyttast av medlemmer som tar pause/"frys" medlemskapen i ein periode dei ikkje er aktive.

Rabattordningane vil gjelde frå 1. juli 2020. Støttemedlemsskap blir innført når det er praktisk mogeleg.

**Framlegg til vedtak: Årsmøtet vedtek medlemskontingentar slik som vist ovanfor.**

### Økonomisk konsekvens av endra sats for ungdom/honnør

Vi reknar ikkje med vesentleg effekt i 2020, og ein viss nedgang frå 2021, men har ei forventning om at dette kan bli kompensert av fleire medlemmer.

#### **Framlegg til ny medlemskontingent for ungdom (opp til 26 år) og honnør**

Kategori	Dagens sats		Alternativ 2		Tap av medlemspengar (300)
	Antal	kr 650,00	kr 300,00		
Honnør	80	52 000	24 000		-28 000
Ungdom	172	111 800	51 600		-60 200
<b>Totalt</b>	<b>252</b>				<b>-88 200</b>

#### **Dette betaler vi pr medlem til Noregs Ungdomslag, Noregs Målag og BLS**

Kontingent til NU	
Under 26	95
Over 26	190
Kontingent til NM	
Aldersuavhengig	150
Kontingent til BLS	
Kun for dei over 26	50
<b>Sum beløp vi må betale ut</b>	
Kontingentar under 26	245
Kontingentar over 26	390

## Sak 7 Medlemsfordelar

Det har tidlegare ikkje vore ei oversikt over medlemsfordelar og fordelar for tillitsvalde. Vi ønskjer å tilby og synleggjere medlemsfordelar for å vise at vi set pris på dei som tek på seg verv.

### Tal på tillitsvalde:

	<b>Faste</b>	<b>Vara</b>	<b>Totalt</b>
Lagsstyret	5	3	8
Rådet	8	2	10
Leikarringen	4	2	6
Teaterlaget	5	2	7
Songlaget	5	3	8
Idrottslaget	5	3	8
Røkleivhytta	4		4
Bondehytta	5		5
Valnemnda	5		5
Valnemnda BHAS	3		3
<b>Totalt</b>	<b>49</b>	<b>15</b>	<b>65</b>

### Generelle medlemsfordelar for alle:

- 10% rabatt i forretningane
  - Må vise medlemskort.
  - Rabatt for overnatting på Hotell Bondeheimen skal bookast via [booking@bondeheimen.com](mailto:booking@bondeheimen.com).
- Medlemmer av BUL ( og NM/NU for øvrig) får gruppepris (20% rabatt) på to billetter til alle ordinære oppsetjingar (Ved gjestespel kan andre reglar gjelde) på Det Norske Teatret (ein lyt vise medlemskort i billettluke).
- 15% på alle ordinære/svarte prisar i heile butikken på Oslo Sportslager (Gjeld ikkje sykklar og klubbtoy). Elles er det 20% på alle piggsko og løpesko. Vise medlemskort.
- Rimeleg hytteleige.
  - Røkleivhytta: 150 kr pr person pr natt
  - Bondehytta: Vaksne 30 kr, barn 15 kr. Pris pr døgn. Fotskatt 5 kr per person
- Rabatt på arrangement i Nynorskens hus.
  - Alle særslag må tilby opne arrangement med BUL-rabatt.
- 20 % rabatt på Comfort, Quality og Clarion-hotell i Noreg.
  - Bruk rabattkode 66457 ved reservasjon på [www.nordicchoicehotels.no/](http://www.nordicchoicehotels.no/) (Avtale gjennom Noregs Ungdomslag)

### Framlegg til fordelar for tillitsvalde i Bondeungdomslaget i Oslo

#### Lagsstyret:

- Rabattar i forretningane etter avtale med BHAS (30% på Kaffistova og Heimen)
- Gratis middag på Kaffistova i samband med styremøte og andre relevante møte (mot kvittering). (Estimert kostnad på kr 8 stk x 11 møte x 250 kr = 22.000)
- To gratisbilletter\* pr år på Det Norske Teatret

#### Særlagsstyra/hyttestyra/rådsordførar:

- To gratisbilletter\* pr år på Det Norske Teatret

Valnemnda i laget og BHAS:

- Gratis middag på Kaffistova på inntil tre valnemndsmøte inntil kr 250 pr måltid. Kvittering gir rett til refusjon.  
Estimert kostnad: 6 stk x 3 møte x 250 kr = 4.500
- To gratisbilletter\* pr år til Det Norske Teatret

Rådet

- Enkel matsservering i samband med møte (Estimert kostnad på kr 9.000 )

Totalt vil laget då bruke om lag kr 35.500 på matsservering på tillitsvalde.

\*) Vi har 100 gratisbilletter pr år DNT. På førespurnad kan kvar tillitsvald få to billetter. Dette gjeld faste styremedlemmer, men ikkje vara. Gjeld ikkje dei som har tilgang til fribilletter gjennom verv på DNT.

Alle tillitsvalde skal få attest etter avslutta periode for vervet.

**Framlegg til vedtak: Årsmøtet vedtek medlemsfordelar slik som vist ovanfor.**